



Tysnes Kommune

Kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø - planprogram

Utgåve: 1

Dato: 08.11.2016

DOKUMENTINFORMASJON

| | |
|--------------------|--|
| Oppdragsgjevar: | Tysnes Kommune |
| Rapporttittel: | Kommunedelplan for Vatn, Avløp og Vassmiljø - Planprogram |
| Utgåve/dato: | 1/ 08.11.2016 |
| Filnamn: | Kommunedelplan for Vatn, Avløp og Vassmiljø - Planprogram.docx |
| Arkiv ID | |
| Oppdrag: | 609658-01–Tysnes kommune - kdp vatn, avløp og vassmiljø |
| Oppdragsleiar: | Tom Christian Monstad |
| Avdeling: | Vann og miljø |
| Fag | VA-utreiingar og forvaltning |
| Skrevet av: | Mikkel Svanevik |
| Kvalitetskontroll: | Anders Yri |
| Asplan Viak AS | www.asplanviak.no |

FORORD

Asplan Viak er engasjert av Tysnes kommune for å utarbeide kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø. Tysnes kommune har engasjert DIHVA ved Tobias Dahle som prosjektleiar for oppdraget. Kontaktperson i Tysnes kommune er Haakon Haaland.

Tom Christian Monstad er oppdragsleiar for Asplan Viak.

Bergen, 08.11.2016

Tom Christian Monstad

Oppdragsleder

Anders Yri

Kvalitetssikrer

INNHOLDSFORTEGNING

| | | |
|----|---|---|
| 1 | Innleiing | 4 |
| 2 | Kort om planprogrammet..... | 4 |
| 3 | Formål med planarbeidet..... | 4 |
| 4 | Rammer og føringar | 5 |
| 5 | Planområde | 5 |
| 6 | Planperiode | 5 |
| 7 | Medverknad..... | 5 |
| 8 | Viktige problemstillingar..... | 5 |
| 9 | Tilhøve til konsekvensutgreiing | 6 |
| 10 | Organisering, informasjon og medverknad | 6 |
| 11 | Tidsplan | 7 |

1 INNLEIING

Tysnes kommune har per i dag ingen aktiv kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø. Førre hovudplan for avløp vart utarbeidd i 2000 og gjaldt for åra 2000-2005. Førre hovudplan for vatn vart utarbeidd i 1998 og gjaldt for åra 1998-2003.

Kommunen har på bakgrunn av dette starta arbeidet med ein ny kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø, med planperiode 2017-2025. I den forbindelse er dette planprogrammet utarbeida.

Hovudplanen skal gjennomførast som ein kommunedelplan og planarbeidet skal utførast iht. lov om byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 2008.

Vassforsyninga i Tysnes kommune består i dag av fleire private vassverk, der Tysnes, Uggdal, Onarheim og Lunde er dei største. Eit ønskje om at Tysnes kommune skal overta drift og eigarskap av vassverka er fremma av Tysnes vassverk og Uggdal vasslag under oppstart av planarbeidet.

Eit kommunalt nett for avløpsvatn er utbygd på Våge, Lundegrend, Uggdal og Onarheim. På desse er det ein eller fleire utslepp etter reinsing i slamavskiljar. Elles består mykje av utsleppet i kommunen av private slamavskiljarar med utslepp til sjø eller infiltrasjon.

2 KORT OM PLANPROGRAMMET

Eit planprogram er eit verktøy for tidlig medverknad og avklaringar av viktige omsyn i planarbeidet. Det skal angi formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar og omtale korleis planlegginga er tenkt gjennomført.

Interesserte vert bedt om å kome med innspel og synspunkt til planprogrammet. Etter ein slik prosess, og på bakgrunn av forslaget til planprogram, vil eit endeleg planprogram bli utarbeida. Etter at endeleg planprogram er vedteke skal arbeidet med kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø fullførast.

3 FORMÅL MED PLANARBEIDET

Tysnes kommune har per dags dato ingen aktiv kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø. Dei tek difor sikte på å utarbeide kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø som grunnlag for overordna og langsiktig styring innan desse tenesteområda i Tysnes Kommune.

Kommunedelplanen skal understøtte kommuneplanens overordna visjon og målsetjingar. Arbeidet med kommunedelplanen har følgjande mål:

- Sette opp status og stake ut vegen vidare
- Finne overordna mål for avløp og vassforsyning i Tysnes kommune
- Forankre planarbeidet i kommunen
- Vurdere grad av forureining frå avløp til vassdrag og vatn
- Sikre at krav i forureiningsforskrifta vert lagt til grunn for kommunens avløpsanlegg
- Sikre nok og hygienisk drikkevatt til kommunen

4 RAMMER OG FØRINGAR

Kommunens vassforsyning og avløpshandtering skal innfri krav i overordna regelverk, deriblant drikkevassforskrifta og forureiningsforskrifta (avløp). I tillegg må kommunedelplan ivareta føringar som er lagt av statlige instansar, deriblant Fylkesmannen i Hordaland og Mattilsynet.

Eksisterande planer:

- Kommuneplan 2010-2022
- Kommuneplanens arealdel
- Bustadpolitisk handlingsplan 2013-2016

5 PLANOMRÅDE

Planområde er heile kommunen og fokus er dei kommunale avløpsanlegga med tilhøyrande installasjonar og vassmiljø. I tillegg vert dei private godkjenningsspliktige vassverka, Tysnes vassverk og Uggdal vasslag, med leidningsnett og tilhøyrande installasjonar vurdert.

6 PLANPERIODE

Kommunedelplanen vert utarbeida med handlingsprogram for planperioden 2017 – 2025.

7 MEDVERKNAD

Forankring av planarbeidet blant kommunens politikarar, innbyggjarar og næringsliv er ein viktig del av planarbeidet. Det vert difor lagt opp til informasjon og moglegheit til medverknad og innspel på følgjande vis:

- Forslag til planprogram (dette dokumentet) vert sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vert gitt moglegheit for innspel til både planprogrammet og planarbeidet.
- Forslag til kommunedelplan vil på same måte bli gjenstand for høyring og offentleg ettersyn med moglegheit for innspel før endeleg politisk vedtak.

8 VIKTIGE PROBLEMSTILLINGAR

Dei viktigaste problemstillingane er antatt å være:

Avløp:

- Sikre avløpsreinseløysingar i samsvar med Forureiningsforskrifta.
- Vurdere om offentleg leidningsnett for avløp og overvatn er tilstrekkeleg utbygd og kor det eventuelt bør byggjast ut.
- Vurdere moglegheita til å innføre lokale forskrifter i forbindelse med private utslepp av spillvatn. Moglegheita for lokal forskrift for etablering av feittutskiljar vil også verte vurdert.

- Vurdere sårbarheten til resipientar for kommunale og private utslepp av spillvatn.
- Vurdere nødvendigheita for krav til lokal overvasshandsaming i nye utbyggingsområde.
- Foreslå nye tiltak med tilhøyrande grove kostnadsoverslag.

Vassforsyning:

- Gjennomgang av vassforbruk og lekkasjar.
- Vurdere om leidningsnett for vassforsyning er tilstrekkeleg utbygd og kor det eventuelt bør byggjast ut.
- Kartlegging av tilstand for vasshandsamingsanlegga, infrastruktur og leidningsnett til Tysnes vassverk og Uggdal vasslag i forbindelse med ein eventuell kommunal overtaking.
- Risiko- og sårbarhetsanalyse for vassforsyninga med tilhøyrande infrastruktur.
- Vurdere moglegheita for å nytte grunnvassbrønner som drikkevassskjelde i kommunen.
- Foreslå nye tiltak med tilhøyrande grove kostnadsoverslag.

Vassmiljø

- Klarlegge kjent påverknad av avløp frå private og kommunale avløpsanlegg til sjø-, elve- og innsjøvassførekomstane i kommunen.
- For vassførekomstar der avløp kan gi negativ påverknad og risiko for at miljømål for vassførekomsten ikkje oppnåast, vil det bli vurdert behov for overvaking og tiltak for avløpsanlegg.
- Spesielt vurderer om utslepp frå spillvatn har negativ påverknad på vasskvaliteten i resipientar som er vurdert som spesielt sårbare og i områder der Tysnes kommune har motteke klagar på vasskvalitet eller luktproblem.

9 TILHØVE TIL KONSEKVENsutGREIING

Det er vurdert at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing etter Plan og bygningsloven i forbindelse med kommunedelplanen. Dette fordi planen i seg sjølv ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutgreiingar § 2, 3 og 4.

10 ORGANISERING, INFORMASJON OG MEDVERKNAD

Asplan Viak AS er valt som rådgjevar for planarbeidet. Siv. ing. Tom Monstad er Asplan Viak sin prosjektleiar.

Rådgjevar vil stå for utarbeiding av sluttdokument etter innspel og drøfting med Tysnes kommune.

Elles vert det lagt opp til informasjon og moglegheit til innspel på følgjande vis:

- Forslag til planprogram på offentlig høyring. Det vert gitt moglegheit for innspel til både planprogrammet og planarbeidet generelt. Oppsummering og vurdering av dei innkomne innspela vil bli samle i eit eige notat.

- Hovuddokumentene, jfr. Kap. 7, vil på same måte bli gjenstand for høyring og offentlig ettersyn med moglegheit for innspel før endeleg politisk vedtak.

11 TIDSPLAN

| Aktivitet | 2016-2017 | | | | | | | | | |
|---|-----------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|
| | Nov | Des | Jan | Feb | Mar | Apr | Mai | Jun | Jul | Aug |
| Utlysing, høyring forslag til planprogram | ■ | ■ | ■ | | | | | | | |
| Politisk handsaming. Fastsetting av planprogram | | | ■ | ■ | | | | | | |
| Utgreiingar og vurderingar | ■ | ■ | ■ | | | | | | | |
| Utarbeiding av forslag til kommunedelplanar | | | | ■ | ■ | ■ | | | | |
| 1. gongs politisk handsaming | | | | | | | ■ | | | |
| Offentleg ettersyn/ høyring | | | | | | | | ■ | ■ | |
| 2. gongs politisk handsaming | | | | | | | | | | ■ |
| Planvedtak | | | | | | | | | | ■ |